



Årsmelding

for

Osterøy Idrottslag

2013

## Hovudstyret 2013

|                                   |       |
|-----------------------------------|-------|
| Leiar: Ragnhild Balsvik           | 13    |
| Nestleiar: Kristin Aasheim        | 13    |
| Skrivar: Eystein Markmanrud       | 13    |
| Controllar: Joachim Borge Solberg | 13/14 |
| Styremedlem: Daniel Fossbakken    | 13/14 |
| Varamedlem: Karoline Loftås       | 13    |
| Varamedlem: Rolf Gjølvik          | 13    |

### Styremøte

Det er avholdt 11 styremøte der 63 saker er handsama. I tillegg vart det heldt omframnt årsmøte 18. desember for å gi styret fullmakt til låneopptak på inntil kr 550 000,- til nytt prepareringsutstyr for lysløypa.

### Styrets arbeid

- Utforma eit innspel til idrettsrådet om fordeling av midlar til særskilte tiltak.
- Arrangert temakveld om rus og idrett v/ Gunn Hilde Øymo.
- Oppnemnd 4 nemnder under hovudstyret: Kommunikasjonsnemnda, idrettsnemnda, klubbhusnemnda og banenemnda.
- Kjøpt inn hengar for grasavfall.
- Forhandla fram leigekontrakt med Osterøy kommune og leigde ut klubbhuset. Investert om lag kr. 110.000,- i forbindelse med opprusting av klubbhuset for utleige(herunder 2 stk. varmpumper på til saman ca. kr. 50.000,-).
- Ryddedugnad i klubbhuset(spesielt nede i garasjen).
- Rutinegjennomgang og revisjon av rutinane.
- Utforma alkoholpolicy for OIL(med bakgrunn i temakvelden om rus og idrett).
- Jobba vidare med tomtekjøp/kartforretning over Fugledalen. Ser ut til at dette endeleg kjem i orden etter å ha sett Arkoconsult på jobben.
- Jobba vidare med å få nytt lysanlegg på plass(kva vi kan gjere på dugnad og få inn anbod på resten).

## Vurdering av aktivitet i forhold til mål

- Oppretta 3 nemnder med kvart sitt ansvarsområde: Klubbhusnemnda, Idrettsnemnda og Kommunikasjonsnemnda. I tillegg har vi framleis Banenemnda. Meir om arbeidet i desse nemndene finn du i nemndene sine årsrapportar som vedlegg i denne årsmeldinga.
- Ikkje oppretta trening på tvers av gruppene grunna låg oppslutnad i 2012.
- Hatt oppfølging av FFO(fotballfritidsordninga).
- Avholdt 2 fellesmøte med gruppestyra der hovudtema var:  
1)opplæring/rutiner i forhold til styrearbeid og 2)drøfting av alkoholpolicy på bakgrunn av temakveld, samt drøfting av bruk av leigeinntekter frå klubbhuset.
- Styret har konsentrert seg mykje om organisatorisk arbeid dette året(bl.a. utleige av klubbhus) og har difor ikkje hatt kapasitet til å jobbe med alle sakene i handlingsplanen.
- Sjå elles handlingsplanen for fleire punkt.

## Økonomi

Laget sin økonomi vert vurdert av styret som god, til tross for store låneforpliktelsar. Alt internt mellomværande mellom gruppene er gjort opp i 2013. Sjå elles rekneskapet for 2013 i eige dokument.

## Medlemstal

Medlemstal for 2013. Totalt 726 medlem, noko som er ein nedgang på 46 frå 2012.

|         | 0-5 år | 6-12 år | 13-19 år | 20-25 år | 26 år og eldre | Totalt     |
|---------|--------|---------|----------|----------|----------------|------------|
| Kvinner | 15     | 128     | 83       | 28       | 67             | 321        |
| Menn    | 8      | 122     | 87       | 30       | 158            | 405        |
| Totalt  | 23     | 250     | 170      | 58       | 225            | <b>726</b> |

## Medlemsutvikling

|         | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---------|------|------|------|------|------|
| Kvinner |      |      |      | 363  | 321  |
| Menn    |      |      |      | 409  | 405  |
| Totalt  | 700  | 689  | 636  | 772  | 726  |

Nemndene sine årsrapportar:

# Årsrapport Idrettsnemda 2013



Idrettsnemda har hatt fylgjande medlemmar i 2013:

Kenneth Flatås, handballgruppa  
Stein Evensen, fotballgruppa  
Kjetil Stokke, friidrettsgruppa  
Marius Sleipnes, turngruppa  
Emil Hosøy, skigruppa  
Kristin Aasheim, hovudstyret

Det har vore to møter i løpet av året. Saker som har vore tema på møta er:

- Rekruttere og behalda utøvarane

Det er semje mellom gruppene at ein må prøva å samarbeida slik at det er mogleg for utøvarane å delta i ulike grupper.

- Fordeling halltider

Turn- og handballgruppa har begge stort behov for mykje tid i hallen. Det har vore utfordringar knytt til å få til ei god fordeling. I 2014 skal ein prøva å få eit betre system på dette og koma tidlegare i gang med arbeidet.

- Samarbeid på tvers av gruppene

Fotballgruppa har kvar fredag ei basisøkt i Idrettshallen. Denne vert opna for alle gruppene. Det er naudsynt at dei ulike gruppene stiller med trenarar som kan hjelpa til med gjennomføringa dersom dei har utøvarar der.

Det vert ikkje arrangert felles treningssamlingar i 2013 grunna låg oppslutnad i 2012.

- Temakveld

Ein valde å ikkje arrangere temakveld grunna lågt oppmøte på dei siste temakveldane. Det har i staden vore nokre fellesmøte for hovudstyret og gruppene.

Mvh Idrettsnemda v/ Kristin Aasheim



# Årsrapport klubbhusnemda 2013

Ting som har blitt gjort:

- Fjerna skog på oppsida av huset.
- Rensking av takrenner.
- Ordna takkonstruksjon speakarbu terrasse.
- Skiftet Lyspærer på framsida og terrasse.
- Skiftet dørhandtak på hovudøren pga. slitasje.
- Diverse vedlikehald på dører inne pga. økt slitasje.
- Ordna dørlås ytterdør, austre kontordør og dør til varmestova.
- Delaktig i rydding av lager/garage
- Klargjering av klubbhus til skuledrift.

Nemnda har hatt ansvar for tømning av bosspannet.

Nemnda har fungert ok i året som har gått.

Dei som har vert med i klubbhusnemda er:

John Olav Myking, Johannes Gjerstad, Vegard Nøttveit, Kjellaug Hartveit ( var med fyrste halvdel av året) Tore J Langeland og Daniel Fossbakken.

MVH

Klubbhusnemda.

# Årsrapport

## kommunikasjonsnemnda 2013



Desse har vore medlem av kommunikasjonsnemnda i 2013:

John Erik Jørgensen, fotballgruppa(ansvarleg for å kalle inn til møte)  
Thor-Eivind Mjelde, handballgruppa  
Vidar Simmenes, friidrettsgruppa  
Roald, Martinsen, turngruppa  
Johnny Mostraum, skigruppa  
Tore Langeland, dagleg leiar  
Eystein Markmanrud, hovudstyret

Det har vore eitt møte i løpet av året. Tema på møtet var:

### **På kort sikt:**

- be webansvarleg for kvar gruppe rydde opp på gruppa sin side og sjekke opp at linkar fungerer.
- lage ein standard for alle gruppene på korleis ein nyheit skal sjå ut.
- lage rutine for oppretting av katalogar.
- oppdatere anleggsinfo på nettsida.
- få alle gruppene til å bruke intranettet fast til innkaling og referat frå alle møte.
- jobbe for at alle gruppene legg raskt ut resultat på heimesida.
- få ein felles "opplasar" av bilete frå kampar og stemne(frå føresette og andre som ikkje vil/kan leggje det ut sjølv på heimesida.

### **På lang sikt:**

- lage prosedyre for opplasting og bruk av intranettet og opplæring av ansvarlege i dei ulike styra.
- besøke alle styra og vise kva moglegheit som finst i bruk av intranettet, nettsida og facebookside + finne ut kva behov dei har.
- få alle gruppene til å bruke intranettet til arkivering av alle filer.

Mvh Kommunikasjonsnemnda v/Eystein Markmanrud(ref.)

## **Rapport frå banenemnda for 2013**

Tore Langeland (leiar)            Olav Sturle Lone (fotball)  
Kjell Gjøstein (fotball)        Karl Johan Reigstad (friidrett)  
Helge Reigstad (friidrett)      Inge Johannes Reigstad (friidrett)

Banenemna sitt oppdrag er å halda Osterøy stadion i så god stand som mogeleg ut frå dei midlar som er stilt til rådvelde. I år har ein for første gong vore fullt mannskap, og dette har letta arbeida og heva kvaliteten monaleg.

### **Grasbana:**

Grasbana har vore regelmessig klypt og gjødsla gjennom året. Nok ein svært hard vinter gjorde at bana var prega av isbrann langt ut på våren. Dette gjorde at bruken før ferien var langt mindre enn ynskjeleg. Dette betra seg utetter hausten og det vart spelt kampar og gjennomført treningar, men også på haustparten i mykje mindre grad enn i eit normalår. Vatningsanlegget har vore til god hjelp i dei tørre periodane midt på sommaren og anlegget har verka tilfredsstillande bortsett frå dei to spreiarane inne på spelefeltet som har vore ute av drift i lengre tid. Dette medfører meir manuelt arbeid og at ein må vera meir påspasseleg med å vera tilstades når det vert vatna. Ein tek sikte på å reparera desse til neste år. Geir Vevletveit, Inge Jostein Solberg, Olav Sturle Lone og Tore Langeland lufta vatningsanlegget i oktober for vinteren, ei oppgåve desse har hatt i fleire år. Grasbana har elles vorte lufta, dressa og resådd ein gong på vårparten 2013, dette for å betra vekst og drenering. I tillegg er bana lufta som siste operasjon før vinteren. Ein stor takk til Øyvind Kormesett for god hjelp med dette. Tilskot til Osterøy stadion var i år 147 000 frå Idrettsrådet. Dette er i minste laget for å få arbeidet til å gå rundt på ein optimal måte. Traktor og utstyr har fungert godt gjennom året. På vårparten i år tok ein i bruk den nye tilhengaren frå Tysse mek for å køyra vekk grasavfallet til det kommunale deponiet ved vegen opp til Åsen. Denne ordninga har fungert godt ved at dei som slår bana gir melding til ein av dei som har ansvaret for vekkjøring. Slik sparar ein friidrettsdekket for slitasje og tilsøling pluss at ein slepp det årelange problemet med illeluktande avfall ved gangvegen ned mot Osterøyhallen.

### **Friidrettsdelen**

I år brukte me nok eit nytt firma til vaskejobben, Eivind Skjolden AS. Jobben vart utført i tida før PEAB-lekene. Dette er ein ryddig leverandør med nytt utstyr av god kvalitet og arbeidet vart utført på ein solid måte. Sargen har også vorte reparert i år.

### **Anna**

Det er hogd meir skog i området bak tribuna. Dette betrar lystilhøva monaleg og det vert mindre nedfall på baneområdet. I tillegg har det vorte hogd mykje kratt og buskar rundt baneområdet noko som har gjort det estetiske langt finare.

Hatland 30/12-13  
Tore Langeland

Gruppene sine kortversjonar av årsmeldingar følgjer:

# Årsmelding for OIL Turngruppa 2013

---

## Styret:

|                              |              |
|------------------------------|--------------|
| Leiar: Roald Martinsen       | Ikke på valg |
| Nestleiar: Marius Sleipnes   | Ikke på valg |
| Kasserar: Jane Gullbrå       | På valg      |
| Skrivar: Grethe Fjellskålnes | På valg      |
| Styremedlem: Vegard Nøttveit | På valg      |
| Styremedlem: Randi Flisram   | På valg      |
| Styremedlem: Lisbeth Neu     | Ikke på valg |
| Styremedlem: Baste Hatland   | Ikke på valg |

## Foreldregruppa: Ingen

Valgnemnd: Thor Olav Kalberg og Elisabeth T. Reigstad

## Me har hatt følgjande parti:

5-6 år , 7-9 år, 10-13 år og Airtrack. Alle partia har hatt treningstid i Osterøyhallen  
Medlemstallet høsten 2013 har vært 108 – 30 gutter og 78 jenter. Det er en økning på 6 frå 2012.

## Parti

## Trenarar

|          |   |
|----------|---|
| 5-6 år   | Hovedtrenere = Ingvill Geitrem, Emil Solstad<br>Hjelpere = Lise Hansen Bruvik, Slawomir Wilk<br>Hjelpere = Malene Hansen, Kristina Teigland, Julie Skjerpung, Margarita Solberg |
| 7-9 år   | Hovedtrenere = Kristin Presstun, Nicholai Fjærestad<br>Hjelpere = Ida Caroline Hartveit, Ingvild Martinsen  |
| 10+ år   | Hovedtrenere = Baste Neu Hatland,<br>Hjelpere = Nicholai Fjærestad, Chris Eirik Solberg   |
| Airtrack | Hovedtrenere = Vegard Nøttveit<br>Hjelpere = Nicholai Fjærestad   |

## Aktivitetar-eigne arrangement

15. des Juleoppvisning

## Stevner – konkurransar

7-9. juni **Gymfest i Vest Barn i Bergen**

6 gymnastar deltok fra OIL.

16. og 17. nov

**Gøy i Turnkassen**

20 gymnastar deltok fra OIL.

**Kurs:** Ingen gjennomførte kurs i 2013. Det må være en prioritert oppgave for 2014 å sørge for at fleire deltar på spesielt sikringskurs for å sikre rekruttering av trenere.

**Dugnad:** Vi deltok i Mobilretur, NIFs' aksjon for innsamling av brukte mobiltelefonar.

**Sponsing:** Vi har jobbet med å framskaffe sponsorar til Osterøyspillet. Har fått tilsagn frå 15 bedrifter, men har ikkje klart å fylle opp med nok bedrifter til å sette i gang produksjon av spillet.  
Ny styret for 2014 må vurdere om dette er et arbeid som skal fortsetta i 2014.

**Økonomi:** Liten aktivitet i 2013 har ført til en liten økning av egenkapitalen. Ønsker økt aktivitet for 2014, men vi har stramme rammer som gjør at vi må ha en nøktern satsing. Lønnssatsene er økt for trenerne og det er innført ett skille mellom lønn for hovedtrener og hjelpetrener. Bør forvente at lønnssatsen skal øke også i 2014.

## Framtidsplanar:

Vurdere arbeidet med Osterøyspillet med målsetting å kunne starte salget i november 2014.

Ønsker å øke aktivitetsnivået med å delta på fleire samlinger for turnere.

Ønsker også å utvide tilbudet av turnpartier hvis det er grunnlag for det.

Ønsker å ha ett interessant tilbud for eldre turnere som ønsker å bidra som trenere.

Tilstrebe å kunne lønne trenarar med attraktiv lønn.



# Samandrag – årsmelding 2013 for OIL handballgruppa

## Styret 2013

|                       |                     |
|-----------------------|---------------------|
| Leiar                 | Rune Heradstveit    |
| Nestleiar             | Albert Slettebakken |
| Kasserar              | Laila Borge         |
| Skrivar               | Thor-Eirik Mjelde   |
| Styremedlem sport     | Kenneth Flatås      |
| Styremedlem materiell | Per Inge Lillejord  |
| Styremedlem dugnad    | Olav Breistein      |
| Ungdomsmedlem         | Elin Kleppe         |

Valnemna har bestått av Roald Berentsen.

## Styrets/gruppas arbeid

Handballgruppa har jobba godt dette året, og aktiviteten har vore god. Utanom ordinære kampar, har me arrangert to miniturneringar, og Hafo. Me har delteke på cup i Førde i september, og to lag deltok på julecup i Haukelandshallen, og eit lag i Vårspretten. Me har hatt nokre trenarar med på trenarsamling i regi av handballregionen. Me har og fått på plass ball- og utstyrskap til alle lag slik at det er meir orden i lagerrommet i hallen.

Gruppa har investert i 6 nye mål til hallen - kr. 40 000. Dette mest grunna tryggleik både i treningar og kampar, men og for skular og andre som brukar måla. Dette er ei investering som normalt ligg til Osterøy aktiv, men som gruppa fyrste omgang sjølv har valt å ta fordi det hasta. Dette skjedde i dialog med Osterøy aktiv, og me kjem til å søkja om refusjon for ein del av dette.

Osterøy handball vart kåra til årets fairplay klubb i Region vest 2013. Dette bl.a. fordi klubben har sett fairplay på dagsorden, og at me har gode arrangement. Prisen vart utdelt i pausen i EM-kvalifiseringa mellom kvinnelandslaget og Romania i Sotra Arena, og Albert Slettebakken tok i mot prisen på vegne av klubben.

## Styremøte

Det har vore gjennomført 8 styremøte med veldig godt frammøte.

## Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Aktiviteten i gruppa er iht. dei planar og mål me har. Gruppa stiller lag i 7. årsklasser; 7 jentelag og 3 gutelag. Me skulle gjerne hatt fleire lag, ikkje minst i guteklassen, men dette er eit generelt problem som gutehandballen slit med.

## Medlemstal

Handballgruppa har 93 aktive medlem pr. 31.12.2013.

## Økonomi

Økonomien i gruppa er god.

Lonevåg, 3. mars 2014

Rune Heradstveit

Leiar Osterøy handball

# Årsmelding - Sykkel- og orienteringsgruppa i OIL 2013

## Styret

Styret i gruppa har vore i 2013:

Leiar: Johannes Bysheim

Kasserar: Arild Beckstrøm

Styremedlem: Ragnhild Balsvik

## Sykkel

Det vart gjennomført ein del treningar for ungdom på våren, men det er noko utfordringar med gjennomføring sidan det er stort skilje i nivået. Samstundes er det behov for fleire som kan fungera som trenarar.

For vaksne vart det halde treningar tre gongar pr. veke frå april til Juni.

Oppmøtet var noko varierende, men mindre enn forventa med tanke på antall påmelde til Bergen – Voss.

Sykkellaget deltok på :

Nordhordland rundt, Bergen Voss, Voss-Geilo og Birkebeinerrittet

Det var ingen registrerte medlemar i 2013 grunna manglande utsending av faktura.

## Orientering

Arbeidet med orienteringskart Lonevåg går framover. Synfarar Jan R Lien har nesten ferdigstilt del 1 av kartet; området rundt Hatland og Åsen. 3 medlem i gruppa har delteke i o-løp i 2013.

## Økonomi

Ein har ikkje hatt inntekter i 2013, noko som har medført at hovudlaget har måtta dekkja lisens til særforbunda.

# Forkorta årsmelding for OIL friidrettsgruppa 2013

---

## Styret

### Samansetning

Leiar: Marit Iren Reigstad (2013)

Nestleiar/sportsleg leiar: Helge Tysse (2012-2013)

Skrivar: Herdis Helle (2013-2014)

Kasserar: Børt Magne Trå (2012-2013)

Oppmann 6-10 år: Per Inge Lillejord (2013-2014)

Oppmann 11-14 år: Frank Loftås (2013-2014)

Oppmann junior/senior: Arne Reigstad (2012-2013)

Styremedlem: Karoline Loftås (styremedlem/ungdomsrepresentant), Åse Bergheim (1. vara), Elin Kåstad (2. vara)

Valkomit : Karl Johan Reigstad, Øystein Borge, Vebjørn Borge.

### Styret sitt arbeid

#### Styremøter

Styret har i driftsåret 2013 hatt fem styremøte og handsama 37 saker. Styret har utanom møta hatt hyppig kommunikasjon og avklart mindre saker per e-post.

#### Spesielle oppg ver

Typiske saker dette året har vore økonomi og sponsorarbeid, stemner og arrangement, kjøp av nytt tidtakarutstyr, samt innføring av lisensordning.

## Medlemstal

### Medlemstal for 2013

|                | 0-5 år | 6-12 år | 13-19 år | 20-25 år | 26 år og eldre | Totalt |
|----------------|--------|---------|----------|----------|----------------|--------|
| <b>Kvinner</b> | 0      | 48      | 25       | 5        | 35             | 113    |
| <b>Menn</b>    | 0      | 38      | 28       | 5        | 55             | 126    |
| <b>Totalt</b>  | 0      | 86      | 53       | 10       | 90             | 239    |

## Økonomi

Friidrettsgruppa i OIL har god økonomi. Me går i år med eit overskot på 58.421,90,-

På grunn av stor aktivitet og mange utøvarar som hevdar seg godt på nasjonalt nivå har me jamt over høge kostnader. Både dei siste åra og kommande to år har tidlegare NCC, no PEAB-lekene gjort det mogeleg å drifta dette utgiftsnivået. Av andre inntektsbringande arrangement er dei tre største Sport 1 Brakvatnet Halvmaraton og Bruviknipa opp. Sport 1 Brakvatnet Halvmaraton hadde overraskande stor deltaking og Bruviknipa Opp vonar ein at skal verta endå større. DNB Idrettsleker har i 2013 vore arrangert to gongar og gav gode inntekter.

I 2013 vart det brukt ein del pengar på kjøp av nytt tidtakarsystem som kan nyttast i eigne arrangement og som kan generera inntekter gjennom utleige av utstyr og kyndige operat rar til andre arrangement utanfor friidrettsgruppa i OIL.

## Vurdering av aktivitet i høve målsetjingane

I 2012 laga friidrettsgruppa ein handlingsplan der det er lista opp målsetjingar for åra framover, og kva tiltak som må setjast i verk for å nå dei. Hovudområda i handlingsplanen er økonomi, å halda på ungdommane, rekruttering og leiarrekruttering.

Økonomien i friidrettsgruppa er god, og me gjekk med eit solid overskot i 2013. Dette er med på å skapa ein buffer for framtida. Det har også blitt jobba bra med eksisterande og nye sponsorar. Helga Reigstad har lagt ned ein solid innsats for å skapa langsiktige kontraktar med eit innhald der me gjev sponsorane noko attende. Elles satsar gruppa på store dugnadar i form av arrangement, som PEAB-lekene, og mosjonsløp, som Bruvknipa opp og Brakvatnet halvmaraton, for å generera pengar. Mosjonsløp som ikkje gir nemneverdige inntekter er kuttet ut, og det same er mindre dugnadsjobbar.

Gruppa har klart å halda på ungdommane dette året. I tillegg har det vore rekruttering til ungdomsgruppa og blant juniorane. Dette veg opp for manglande rekruttering blant borna, 4.-7. klasse. Trenardekninga er god, trenarane er engasjerte og dei legg ned mange timar kvar veke for å følgje opp både talenta og breidda. Samstundes har det diverre vore ein nedgang i medlemstalet blant dei aller yngste, og totalt i heile gruppa (sjå tabell under). Treningsgruppene kan bli flinkare til å gjennomføre vedtekne mottaksrutiner når nye born og ungdommar møter opp på trening.

I høve rekruttering av vaksne mosjonistar, ser me at det er mange innom mosjonsgruppetreningane, og dette er positivt. Me er likevel ikkje flinke nok til å få gjengangarane til å melda seg inn i klubben.

Eit anna mål har vore å få inn fleire kompetente menneske i ulike verv og funksjonar. Friidrettsgruppa har i år to nye ungdommar som tek Ung:leder-utdanning og me har fått inn fleire foreldre som hjelpetrenarar. Våren 2013 arrangerte me dommarkurs i samarbeid med kretsen, og friidrettsgruppa har no seks nye dommaraspirantar.

Elles vart alle planlagde stevne og mosjonsløp gjennomført i 2013.

Valestrand, 10. mars, 2014,  
Marit Iren Reigstad  
Leiar

# Forkorta årsmelding for Skigruppa Osterøy Idrettslag 2013

## MED I STYRET 2013:

|                               |                                 |                      |
|-------------------------------|---------------------------------|----------------------|
| Bjørg Olaug Braathen Reigstad | Leiar                           | Valgt for 2013       |
| Bernt Johan Flæsland          | Kasserar                        | Valgt for 2013-2014  |
| Linda Tvedt                   | Skrivar                         | Valgt for 2013-2014  |
| Øyvind Aasheim                | Styremedlem                     | Valgt for 2013-2014  |
| Robert Skjerping              | Styremedlem                     | Valgt for 2012- 2013 |
| Torstein Mjelde               | Styremedlem                     | Valgt for 2012- 2013 |
| Johnny Mostrau                | Styremedlem                     | Valgt for 2012-2013  |
| Emil Hosøy                    | Ungdomsrepresentant/Styremedlem | Valgt for 2012-2013  |
| Kari Hestnes                  | Varamedlem                      | Valgt for 2013       |

## Valnemnd

Marit Brakvatne Mjelde

Christer Aastvedt

Ann Kristin Borge

## AKTIVITET/REKRUTERING

- Styret har hatt 6 styremøte og handsama 40 saker.
- Styremøta har vore haldne i skihytta på Rolland.
- Nokon av styremedlemma deltok på vårmøtet til Hordaland skikrins på Voss som gjekk over ein heil laurdag. Her vart Øyvind Litland heidra for fantastisk innsats gjennom dei 50 åra han har fremma ski interessa på Osterøy, og arbeidd med barn og ungdom. Tusen hjarteleg takk til Øyvind, nok ein gong.
- Det er vorten oppretta ei anleggsmnd, som skal jobbe med lysløypa på Rolland, her sit Øyvind Litland, Roy Solberg, Knut Århus og Robert Skjerping som er styremedlem i skigruppa.
- Styret har også vore i møte med ein anleggskonsulent angående opprusting/framtidsplanar av lysløypa. Dette skal det jobbast vidare med.
- I desember var det ekstra ordinært årsmøte i Osterøy IL, fordi skigruppa søkte Osterøy IL om fullmakt til å ta opp lån på inntil 550.000 NOK til nytt prepareringsutstyr for lysløypa på Rolland.
- Styret laga ein handlingsplan og ein aktivitetsplan på første styremøte i 2013. Her fekk styremedlemma forskjellige oppgåver å jobbe med og det vart laga ein plan for utøvarane, treningar, samlingar, kretsrenn og nasjonale renn.
- Johnny er med i kommunikasjonsnemda i Osterøy IL, og han lager flotte reportasjar på nettsida vår. Linda er fotograf og sørgjer for flotte blinkskot.
- Emil er med i idrettsnemnda i Osterøy IL.
- Skigruppa har 190 medlemmar.
- Det har vore rulleskitreningar kvar laurdag sidan mai og fjellturar kvar søndag. Barmarkstreningar i lysløypa frå hausten av og styrketrening i skihytta.
- Trenarar har vore Johnny Mostrau, Emil Hosøy, Eirik Brakvatne Mjelde og Lars Braathen Reigstad.
- Lysløypecupen vart arrangert 2 gongar. Premieutdeling var i klubbhuset på Hatland.

- Skigruppa har hatt sumarskisamling for egne utøvarar ei helg. Laurdagskveld var det sosial samankomst med korgafest leik og moro for utøvarar, foreldre og søsken. Samtidig vart Øyvind Litland heidra for fantastisk innsats i skigruppa gjennom 50 år.
- Skigruppa har for første gang arrangert samling for juniorane i Hordaland skikrins frå fredag til søndag med overnatting på Valestrand skule. Treningarane var våre egne, Johnny, Emil, Eirik og Lars. Her var deltakarar frå Voss, Fana, Samnanger, Kvam, Odda og våre egne juniorar. Me fekk svært gode tilbakemeldingar frå utøvarar, foreldre og skikrinsen.
- 7 utøvarar frå 11-14 år deltok på sumarskiskule i Meråker.
- Rulleskisamling var planlagt, i Herresåsen på Voss med overnatting i arenahuset, vart avlyst pga. få påmeldte.
- Snøsamling på Geilo 28 nov-1 des. Her var dei fleste utøvarane med+3 treningar. Med store og små ca 40 pers.
- Tre av treningarane har i 2013 fullført trenar 1 kurs i regi av Hordaland skikrins.
- Serviceteamet vårt beståande av Øyvind Åsheim og Bernt Johan Flæsland er faste smørjarar, som stiller opp på kvart einaste renn i Hordaland. Dei har ein fantastisk kompetanse og er også med på dei fleste nasjonale renn som smørjarar for Hordaland skikrins. Tusen hjarteleg takk.

## RESULTAT

Me har deltakarar på alle renn som vert arrangert i Hordaland skikrins.

Vidare har me hatt løparar med på Norgescup for juniorar og NM for juniorar.

Hovudlandsrennet for 15 og 16 åringar og Ungdommens Holmenkollrenn for 13 og 14 åringar.

Nytt for 2013 er krinscupen som Hordaland skikrins har skipa til, samanlagte plasseringar for renn i Hordaland, her hadde vi også pallplasseringar.

I KM var det også mange gode resultat utanom pallplasseringane.

## INNTEKTER

Inntektene er som vanleg dei siste åra frå sponsorar, skiltreklame, draktreklame, stønad frå idrettsrådet til vedlikehald og ikkje minst den årlege skibasaren som mødrene til løparane driv. Ein stor takk til dei mødrene som arrangerer basaren.

Midlane frå idrettsrådet vert nytta til det dei er tiltenkt og er svært verdifulle for skigruppa.

## SLUTTORD

Styret vil med dette takka grunneigarar, sponsorar, og samarbeidspartnarar for eit svært godt samarbeid i 2013. Dette medfører at me kan gje alle som har interesse for langrenn, turgåing og rekreasjon eit godt produkt og tilbod heile året.

Skigruppa vil så langt råd er leggja til rette for å utvikla, byggja ut og vedlikehalda lysløypeområdet i samarbeid med grunneigarar til beste for alle.

Løypepreparering vert utført av Frank Skjerping. Tusen takk.

Osterøy IL/Skigruppa

Valestrandsfossen 17.02.2014

Styret